



Surnadal kommune
Bårdshaugvegen 1
6650 SURNADAL

Saksbehandlar, innvalstelefon

Lars Kringstad, 71 25 84 50

Surnadal kommune.

Etablering av Setergrytå kraftverk 10/1.

Fråsegn til søknad om dispensasjon frå kommuneplanen.

Fylkesmannen er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Fylkesmannen i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Fylkesmannen sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

Svorka Energi AS fekk i 2005 konsesjon til regulering av Grytåvatnet og bygging av Setergrytå kraftverk. Vidare vart det i 2013 gitt løyve til ei endring av konsesjonen, med m.a. redusert regulering av Grytåvatnet og auka slukeevne.

Søknaden gjeld dispensasjon frå kommuneplanens arealdel (LNFR-område) for ei tomt på 1 dekar for inntaksdam ved Grytåvatnet, samt 1 dekar tomt for kraftstasjon sør for fylkesveg 65.

Natur- og miljø

Dei miljømessige sidene ved utbygginga vart vurdert og avklart gjennom konsesjonsbehandlninga. Vi kjenner ikkje til nyare registrerte naturverdiar som vil bli rørt ved tiltak på dei to tomtene. Vi har derfor ikkje vesentlege merknader til at det blir gitt dispensasjon som omsøkt.

Samfunnstryggleik

Det ligg ikkje ved ein risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) i oversendinga. Vi ser at kommunen ikkje skal handsame søknaden før dette føreligg frå søkar. ROS-analysen må avklare om tiltaka kan medføre tryggleiks- eller beredskapsmessige konsekvensar, jf. pbl. §§ 19-2, 3. ledd og 28-1. Vi gjer merksam på at tryggleikskrava i byggtknisk forskrift (TEK17) òg gjeld for vasskraftverk, bygg og byggtkniske installasjonar i samband med vasskraftanlegg, eller tiltak i vassdrag.

Dersom det ikkje ligg føre dokumentasjon om tilstrekkeleg tryggleik i potensielle fareområde, skal kommunen avslå dispensasjonssøknaden eller stille særlege krav til byggjegrunn, byggverk og uteareal, jf. pbl. 28-1.

NGI sitt aktsemdskart for snø- og steinskred dekker ikkje dette området. Ein må derfor nytte NVE sine landsdekkande aktsemdskart. Det kan mellom anna sjå ut som kraftstasjonen potensielt er utsett for snøskred og jord- og flaumskred. Med tanke på funksjonen til tiltaka, er det naturleg å ha desse i område som kan vere flaum- og erosjonsutsette. Det er viktig at ein avklarar potensiell erosjonsfare frå elva, og tiltaket byggjast til å tole overfløyning frå elva.

Tiltak i skred- og flaumutsette område skal plasserast i ein tryggleiksklasse. Tiltak skal plasserast, dimensjonerast eller sikrast mot avdekka fare slik at største nominelle årlege sannsyn for akseptabel risiko ikkje overskridast, jf. TEK17 §§ 7-2 og 7-3.

Vi føreset at kommunen følgjer opp intensjonen i saksframlegget, og at kommunen er trygg på at tiltaka tilfredsstillir pbl. og TEK17 sine krav til tryggleik før det ev. gjerast eit positivt vedtak om dispensasjon.

Konklusjon

Fylkesmannen viser til merknadene over og ber om at dei blir følgt opp i den vidare saksbehandlinga.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef-plansamordning

Lars Kringstad
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Fagsaksbehandlar

Samfunnstryggleik: Renate Frøyen, tlf. 71 25 84 15

Kopi til:

Møre og Romsdal
fylkeskommune

Fylkeshuset 6404 Molde